



ULSTEIN KOMMUNE



Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Ulstein kommune

07.04.2026

www.ulstein.kommune.no

1 Innleiing	3
2 Bakgrunn, krav og føremål.....	4
2.1 Bakgrunn	4
2.2 Krav	5
2.2 Føremål	5
3 Metode og gjennomføring.....	5
3.1 Metode	5
3.2 Organisering, roller og ansvar	6
3.3 Gjennomføring og arbeidsprosess	6
4 Kommuneskildring	6
4.1 Innleiing	6
4.2 Geografi	7
4.3 Befolkning	7
4.4 Skular og barnehagar	7
4.5 Helse og omsorgstenester	7
4.5.1 Legevakt	7
4.5.2 Nattlegevakt.....	8
4.5.3 Sjukeheim / Institusjon Alvehaugen	8
4.5.4 Heimetenesta.....	8
4.5.5 Omsorgsbustadar.....	8
4.6 Tilfluktsrom	8
4.6.1 Offentlege tilfluktsrom.....	8
4.6.2 Private tilfluktsrom	9
4.7 Naturbasert risiko i Ulstein kommune	9
4.7.1 Skredfare.....	9
4.7.2 Flaumfare	9
4.7.3 Stormflo og havnivåstigning	10
4.7.4 Klimautvikling.....	11
4.7.5 Radon	11
4.8 Verksemder	11
4.9 Infrastruktur	12
4.9.1 Hovudvegar	12
4.9.2 Tunellar	12

4.9.3 Bruer	12
4.9.4 Vasskjelder	13
4.9.5 Kulturelle verdiar, natur og miljø	13
5 Scenarioanalyse	15
5.1 Sløyfemodellen	15
5.2 Val av scenario	16
5.2.1 Bortfall av Ekom	16
5.2.2 Atomutslepp frå ubåt:.....	16
5.2.3 Pandemi:	16
5.2.4 Krig og konflikt:	16
5.2.5 Grunnstøyting av cruiseskip:.....	16
5.2.6 PLIVO hending.....	17
5.2.7 Dataangrep:	17
5.2.8 Ekstremvær:.....	17
5.2.9 Skogbrann:	17
5.2.10 Forureina drikkevatt.....	17
5.2.11 Isolert bygd:	17
5.2.12 Brann på Alvehaugen	17
5.2.13	17
5.2.14 200 årsstormflo og flaum i sentrum:	17
5.2.15 Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum:.....	17
6 Samanstilling av analyse	18
6.1 Sårbarheitsvurdering	18
6.1.1 Kritiske samfunnsfunksjonar	18
6.1.2 Korleis er dei kritiske samfunnsfunksjonane avhengige av kvarandre?	19
6.1.3 Følgjeutfall av kritiske samfunnsfunksjonar.....	20
6.1.4 Samla vurdering av sårbarheit	22
6.2 Sannsynsvurdering:.....	23
6.3 Konsekvensvurdering.....	24
6.4 Risiko og styringsevne.....	25
6.4.1 Risiko	25
6.4.2 Styringsevne.....	27

6.4.3 Samla framstilling av risiko og styringsevne	29
6.5 Befolkningsvarsling og evakuering.....	30
6.6 Uønskte hendingar utanfor kommunen sine grenser	31
6.7 Kommunen sin evne til å oppretthalde og gjenoppta normal drift	31
7 Oppfølging av heilskapleg ROS.....	32
7.1. Mål 1: Kommunen skal ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å handtere både akutte og langvarige hendingar på ein trygg og effektiv måte	32
7.2 Mål 2: Ulstein skal jobbe målretta for eit meir robust og forpliktande interkommunalt beredskapssamarbeid.....	32
7.3 Mål 3: Kritiske kommunale tenester skal kunne oppretthaldast også under kriser og i krig	33
7.4 Mål 4: Kommunen skal ha robuste og samordna digitale løysingar	33
7.5 Mål 5: Kommunen skal vere i stand til å oppretthalde kritiske tenester ved bortfall av straum og ekom.	34
7.6: Mål 6: Eigenberedskapen i befolkninga skal styrkjast år for år	34
7.7 Mål 7: Meir samhandling mellom kommune, frivillige, næringsliv og statlege aktørar	34
7.8 Mål 8: GIS (Geografiske Informasjonssystem) skal vere ein integrert del av kommunens beredskapsarbeid	35
8 Integrering av H-ROSen i kommunalt planarbeid	35
9 Revidering	35
10 Vedlegg:	36

1 Innleiing

Ulstein er ein kommune med sterke ressursar, innovativt næringsliv og eit aktivt lokalsamfunn. Men sjølv i ein robust kommune kan uventa hendingar skape store utfordringar. Naturhendingar som storm og flaum, alvorlege ulukker, digitale angrep og globale kriser kan påverke oss direkte eller indirekte. Slike hendingar kan føre til materielle skadar, påverke helsa vår og i verste fall true liv.

Vi lever i ei tid der risikoen har kome nærare. Pandemiar og uro i verda viser kor sårbare vi kan vere. Samstundes ser vi at klimaendringane gir meir ekstremvær og aukar risikoen for naturhendingar som kan ramme lokalsamfunnet. Digitale truslar som hacking og datainnbrot blir også stadig meir omfattande.

Ulstein kommune har eit ansvar for å vere førebudd. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen (H-ROS) er vårt viktigaste verktøy for å sjå framover og planleggje for det uventa. Gjennom analysen vurderer vi scenario som kan få alvorlege konsekvensar for lokalsamfunnet vårt. Vi ser på korleis vi kan redusere sannsynet for at dei skjer, og korleis vi best kan handtere om ulike scenario oppstår.

Analysen tek utgangspunkt i uønskte hendingar som kan påverke liv og helse, samfunnsstabilitet, natur og miljø og materielle verdiar. Vi nyttar sløyfemodellen, der vi ser på årsaker til hendinga, konsekvensane og kva tiltak som kan redusere både sannsyn og skade.

Det er viktig å understreke at H-ROS ikkje gir alle svar. Det vil alltid kunne skje hendingar vi ikkje har føresett. Analysen er basert på skjønn og tilgjengeleg kunnskap, og det kan vere avvik mellom scenario og verkelegheit. Likevel gir H-ROS eit solid grunnlag for beredskap og planlegging. Tiltaka vi vurderer for eitt scenario kan ofte nyttast i andre situasjonar. Tryggleik er eit felles ansvar. Vi ønskjer at innbyggjarane skal vite at dette arbeidet handlar om tryggleiken til alle som bur og arbeider i Ulstein. Det handlar om å stå betre rusta når krise oppstår, og å sikre at vi har gode planar og samarbeid på tvers av aktørar.

H-ROS skal reviderast jamleg, minst kvart fjerde år, og vi vil leggje til nye scenario når det trengst.

Ulstein kommune si heilskaplege ROS er ein del av eit større arbeid med samfunnstryggleik i Møre og Romsdal. FylkesROS peikar på dei store utfordringane som kan råke heile fylket og understrekar behovet for samarbeid og klimatilpassing. Vi veit at komplekse kriser krev godt samspel mellom alle beredskapsaktørar, mellom innbyggjarar, næringsliv og det offentlege, og ikkje minst mellom kommunane. Når ressursar er knappe og kriser varer lenge, er det avgjerande at kommunane støttar kvarandre og deler kompetanse, erfaringar og ressursar. Eit sterkt interkommunalt samarbeid gjer oss betre rusta til å handtere både lokale og regionale utfordringar.

2 Bakgrunn, krav og føremål

2.1 Bakgrunn

Ulstein kommune har eit grunnleggjande ansvar for å verne innbyggjarane og oppretthalde kritiske samfunnsfunksjonar ved uønskte hendingar. Dette ansvaret er forankra i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt, som pålegg kommunen å gjennomføre ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (H-ROS) og nytte resultata som grunnlag for beredskapsplanlegging og oppfølging.

Heilskapleg ROS skal gi kommunen eit samla og oppdatert risikobilete. Analysen skal identifisere uønskte hendingar, vurdere sannsyn og konsekvensar, og beskrive sårbarheiter i

kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur. H-ROS skal vere politisk forankra og danne grunnlag for prioriteringar, tiltak og samordning på tvers av sektorar og aktørar.

2.2 Krav

Det går fram av forskrift om kommunal beredskapsplikt at analysen skal som eit minimum omfatte:

- a) eksisterende og fremtidige risiko- og sårbarhetsfaktorer i kommunen.
- b) risiko og sårbarhet utenfor kommunens geografiske område som kan ha betydning for kommunen.
- c) hvordan ulike risiko- og sårbarhetsfaktorer kan påvirke hverandre.
- d) særlige utfordringer knyttet til kritiske samfunnsfunksjoner og tap av kritisk infrastruktur.
- e) Kommunens evne til å opprettholde sin virksomhet når den utsettes for en uønsket hendelse og evnen til å gjenoppta sin virksomhet etter at hendelsen har inntruffet.
- f) behovet for befolkningsvarsling og evakuering.

2.2 Føremål

Føremålet med Ulstein kommune si heilskaplege ROS er å:

- Gi tilsette, innbyggjarar og folkevalde oversikt over risikobiletet i kommunen ved å:
 - kartleggje uønskete hendingar og vurdere sannsyn og konsekvensar
 - avdekke sårbarheiter i kritiske funksjonar og infrastruktur og koplingar mellom ulike hendingar
 - avdekke kommunen si evne til å oppretthalde verksemda når den blir utsett for ei beredskapshending
 - avdekke behovet for varsling og evakuering
 - leggje fram tiltak for korleis ein kan redusere og handtere risiko og sårbarheit
- Fungere som eit kunnskapsgrunnlag som kan nyttast i relevante planar og prosessar for å førebygge og handtere identifisert risiko.

3 Metode og gjennomføring

3.1 Metode

Siste heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Ulstein kommune blei ferdigstilt i 2021. I 2022 kom DSB med ny rettleiar, og analysa frå 2021 er derfor basert på den gamle metodikken. I arbeidet med ny heilskapleg ROS for 2026 blei det bestemt at den nye rettleiaren skulle nyttast. Dette inneber at analysa for 2026 ikkje er ei revidering av 2021-utgåva, men eit heilt nytt dokument.

3.2 Organisering, roller og ansvar

Arbeidet er organisert som eit prosjekt med ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Formålet med gruppa er å kvalitetssikre og gi innspel til dei scenarioanalysane som er utarbeidd, slik at det endelege dokumentet blir fagleg solid og dekkjer relevante risikoar for kommunen.

Arbeidsgruppa


Arbeidsgruppa består av representantar frå sentrale fagområde i kommunen:

- Alf Marius Grønnevik – fagansvarleg kvalitet og beredskap (gruppeleiar)
- Live Gandborg– branningeniør
- Inger Lise Kaldhol– kommuneoverlege
- Oda Jonette Hofset– geomatikkingeniør
- Ole Terje Sukka – spesialkonsulent oppvekst

3.3 Gjennomføring og arbeidsprosess

Arbeidsgruppa har gått gjennom dei 15 scenarioanalysane som låg føre og gjort nødvendige faglege korrigeringar slik at dei samsvarar med DSB sin rettleiing og lokale behov. Arbeidet vart gjennomført i fleire møte våren 2026, med fagansvarleg som leiar og ansvarleg for dokumentasjon.

Gruppa har også sett til ROSanalysar frå fylke og andre kommunar som referanse. Etter ferdigstilt utkast fekk leiargruppa og deretter kriseleiinga analysane til gjennomgang, og innspela deira vart innarbeidde før endeleg versjon blei gjort klar for politisk handsaming i kommunestyret.



4 Kommuneskildring

4.1 Innleiing

Den heilskaplege ROS-analysen for Ulstein kommune skal ta utgangspunkt i ei overordna skildring av kommunen, både som geografisk område og som samfunnsaktør. Formålet med denne skildringa er å identifisere trekk ved kommunen som kan påverke sårbarheit og risiko for uønskte hendingar, og som er relevante for beredskap og totalforsvar. Dette kan til dømes vere knytt til busetting, næringsliv, utsette område for naturhendingar, transport ol.

4.2 Geografi

Ulstein kommune ligg på den vestlege delen av Hareidlandet som er ei øy der dei fleste innbyggjarane bur, med kystlinje mot Norskehavet og naboskap til kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ørsta. Dimnøya er den største av dei øvrige øyane i kommunen, og i tillegg bur det folk på både Hatløya og Eika.

Ulsteinvik er kommunesenteret og eit regionalt tyngdepunkt innan maritim industri. Kommunen er knytt til fastlandet både gjennom ferjesambandet Hareid–Sulesund og den undersjøiske Eiksundtunnelen som går til Ørsta og vidare til Volda og resten av fastlandsnett. Dragsundbrua er ei viktig trafikkåre som knyter saman Hareidlandet og Gurskøya (Herøy og Sande kommune).

4.3 Befolkning

Ulstein kommune har om lag 8 869 innbyggjarar per tredje kvartal 2025, Alderssamansetninga viser at kommunen har ein mindre andel yrkesaktive (20–64 år) enn landsgjennomsnittet, og ei aukande gruppe eldre over 65 år, som utgjer rundt 1 700 personar, inkludert over 500 som er 80 år eller eldre. Samtidig er det om lag 1 900 barn og unge under 20 år. Den demografiske utviklinga gir fleire samfunnsmessige utfordringar. Med ein aukande andel eldre, vil behovet for helse- og omsorgstenester auke. Kommunen må planlegge for endringar i tenestebehov og sikre at kritiske samfunnsfunksjonar er robuste mot det demografiske skifte.

4.4 Skular og barnehagar

I 2026 har Ulstein kommune fem kommunale grunnskular: fire barneskular og éin ungdomsskule. Barneskulane er lokalisert på Skeide, Hasund, Haddal og i Ulsteinvik sentrum, medan Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum. I tillegg har kommunen ein vidaregåande skule. I september 2025 vedtok kommunestyret å leggje ned Ulstein skule på Skeide, og flytte elevane til skulen i sentrum (skuleåret 26/27). Fleirtalet av barneskuleelevane i kommunen har moglegheit til å gå eller sykle til skulen. For skuleåret 2024/2025 fekk 85 elevar på 1.–7. trinn og 108 elevar på 8.–10. trinn gratis skuleskyss grunna lang eller farleg skuleveg. Dette utgjer om lag 10 % av grunnskuleelevane i kommunen.

4.5 Helse og omsorgstenester

Helse og omsorgstenestene i Ulstein er i stor grad sentralisert i sentrum av Ulsteinvik.

4.5.1 Legevakt

Legevakta i Ulstein har adresse Sjøgata 1. Etter kontortid er fastlegane med i ei felles legevaktordning, og lokalt er legevakta delt mellom Ulstein og Hareid.

4.5.2 Nattlegevakt

Ulstein er ein del av interkommunal nattlegevakt ved Søre Sunnmøre legevakt. Nattlegevakta er lokalisert i Hovdebygda.

4.5.3 Sjukeheim / Institusjon Alvehaugen

På sjukeheimen finn ein langtidsavdelinga, som består av tre grupper med åtte pasientar kvar, hovudsakleg personar med langt komen demens og kognitiv svikt. Korttidsavdelinga har 18 plassar og tek imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus samt heimebuande med behov for rehabilitering eller kortvarig behandling. I HI-fløya er det 21 omsorgsbustader med totalt 24 brukarar, der dei fleste er eldre med stort hjelpebehov. Produksjonskjøkkenet leverer mat til heile omsorgsetaten, medan vaskeriet har ansvar for vask av både pasienttøy og arbeidstøy. Eininga har også eit felles natt-team som dekker Alvehaugen, Hovstøylvegen, Holsekerdalen 20 og heimesjukepleia, og bidreg til kontinuitet og tryggleik i tenestene gjennom natta.

4.5.4 Heimetenesta

Leverer teneste til innbyggjarar i heile kommunen. Har siste åra opplevd auka oppdragsmengd og fagleg kompleksitet grunna tidlegare utskrivning frå sjukehus. Heimetenesta har i stor grad satsa og gjort seg avhengig av velferdsteknologi.

4.5.5 Omsorgsbustadar

Ulstein kommune tilbyr omsorgsbustader som er tilrettelagde og universelt utforma for personar med nedsett funksjonsevne. Bustadane er bebuarens heim, og heimetenester blir gitt på same vilkår som for andre heimebuande. Nokre omsorgsbustader har bemanning heile døgnet, andre delar av døgnet. Kommunen har omsorgsbustader på Alvehaugen, Hovstøylvegen, Holsekerdalen, Ulshaugen, Sjøside og Petterbakken. I tillegg er prosjektet Skollebakken 1 under bygging, med 20 nye omsorgsbustader med heldøgns tenester og samlokaliserte kontorfasilitetar for helse- og omsorgstenester. Bygget får eit bruttoareal på om lag 3 500 m² og er planlagt ferdigstilt i januar 2026.

4.6 Tilfluktsrom

4.6.1 Offentlege tilfluktsrom

Det finst to offentlege tilfluktsrom i Ulstein kommune. Desse er opne for allmenn bruk:

- Sjøgata 3 (parkeringskjellaren): Dette tilfluktsrommet har plass til 448 personar og eit areal på 360 m².
- Tess-bygget i Saunesmarka: Her er det plass til 578 personar, og rommet har eit areal på 600 m².

4.6.2 Private tilfluktsrom

Ulstein kommune har oversikt over private tilfluktsrom. Dei er tiltenkt brukarane av bygga og ikkje innbyggjarar/publikum. Av omsyn til tryggleik blir denne informasjonen ikkje delt offentleg. Tilfluktsrom er laga for å gi vern ved krig eller alvorlege hendingar, og kommunen følgjer nasjonale retningslinjer. Innbyggjarar bør ha eigenberedskap, då private tilfluktsrom ikkje er opne for allmenn bruk.

4.7 Naturbasert risiko i Ulstein kommune

Ulstein kommune har ei variert naturgjeven risiko som må vurderast nøye i arealplanlegging og beredskapsarbeid. Følgande forhold er identifisert som særleg relevante og går også fram av kommuneplanen sin arealdel:

4.7.1 Skredfare

Delar av kommunen er utsett for skred, noko som går fram av kart frå NGI. Desse områda er innarbeidde som omsynssoener i plankartet til kommunen. I slike område er det anten ikkje tillate med utbygging, eller så må det gjennomførast grundige geotekniske undersøkingar av kompetent fagpersonell før eventuell frigjeving til utbygging.

Vi har bustadhus i utløpsområde for steinsprang både på Flø, Ulstein, Skeide/Osberget, Hasund, Ringstaddalen og Ødegård. Aktsomheitsområda for snøskred som er levert av NGI er ganske grove og store delar av busetnaden i kommunen ligg i utløpsområde, bortsett frå Ulsteinvik, Garnes og det meste av Dimnøya. Det same gjeld aktsomheitsområde for jord og flaumskred men her er også Ulsteinvik sentrum og Dimnøya med.


Totalt er det registrert berre 38 skredhendingar i Ulstein kommune, 28 av desse er steinsprang. Ingen er registrert omkomne i skred sidan 1945.

4.7.2 Flaumfare

Flaum har historisk vore eit risikoelement, særleg knytt til Vikeelva i Ulsteinvik. Elva vart etter sikringstiltak ferdigstilt i 2014, dimensjonert for ein 200-årsflaum. Risikoen er såleis redusert. Urbanflaum som følgje av kraftig nedbør og overvatn er ei aukande utfordring, spesielt i dei tettbygde områda i sentrum, med tette flater som asfalt og betong.

NVE sine aktsomheitskart viser potensielle flaumfareområde på kommuneplannivå, utan å vurdere sannsyn. I arbeidet med områdeplan for Ulsteinvik sentrum gjorde Norconsult ei flaumvurdering av Sauneselva og Vikelva, og utarbeidde faresoner for 20-, 200- og 1000-års flaum. Store delar av sentrum ligg innanfor desse sonene, og kulverten frå Vikelva til fjorden har ikkje kapasitet til ein 200-års flaum med klimapåslag.


Ulsteinvik sentrum er det mest flaumutsette området i kommunen, og her ligg også fleire kritiske bygg og funksjonar. Elles finst flaumutsett bebyggelse på Skeide, Haddal, Eiksund og langs Ulsteinelva og Joelva.



Figur 1: Faresoner for flaum (Norconsult, 2026)

4.7.3 Stormflo og havnivåstigning

Ulstein, som kystkommune, er utsett for stormflo og framtidig havnivåstigning. Det er innført føresegner om minimumshøgde for plassering av bygg og anlegg ved sjøen, basert på DSB sin rettleiar og med klimapåslag. ROS-analysen i arealplanen til kommunen tilrår differensiering av høgdeplassering basert på økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar.



Figur 2: Stormflo og havnivå (Kartverket)

4.7.4 Klimautvikling

Klimaprofilen for Møre og Romsdal viser ein venta auke i episodar med kraftig og kortvarig nedbør, både i intensitet og frekvens. Dette gir større utfordringar med overvatn og urbanflaum. Lokal overvasshandtering med sikring av flaumveggar er difor viktig.

4.7.5 Radon

Radongass er eit nasjonalt helseproblem. I Ulstein er det gjennomført kartleggingar som ikkje har avdekt behov for ekstra sikringstiltak i nye eller eksisterande bustader. Det er difor ikkje krav om spesielle tiltak utover gjeldande regelverk.

4.8 Verksemdar

Risikoen knytt til verksemdar i Ulstein kommune relaterer seg i hovudsak til lagring og handtering av brannfarlege gassar og væsker, der det er føresett at dette skjer i tråd med risikovurderingar og gjeldande lover og forskrifter for kvar enkelt verksemd. I sjøområda utanfor verfta i kommunen er det påvist ureining i form av ulike tungmetall, noko som representerer ein potensiell miljø- og helseisiko.

Den sterke maritime næringa i regionen gjer oss meir utsette. Den har strategisk betydning for både forsvar, teknologi og beredskap, og kan difor vere interessante mål for spionasje, sabotasje eller påverknadsoperasjonar. Dette aukar risikoen for at kommunen kan bli direkte

råka i ein konflikt eller hybrid trusselsituasjon, der digitale angrep, fysisk sabotasje og informasjonskrigføring kan bli brukt for å svekkje kritiske samfunnsfunksjonar og produksjonsevne.

4.9 Infrastruktur

4.9.1 Hovudveggar

Trafikktryggleiken på fylkesveg 61 mellom Dragsundbrua og Hareidseidet, samt på fylkesveg 653 mellom Eiksundtunnelen og Garnes, er eit viktig omsyn då begge strekningane har vore åstad for fleire alvorlege trafikkulukker over tid – inkludert dødsulukker – og har relativt høg trafikk i lokal målestokk. Det er totalt registrert 19 trafikkulykker på dei to vegane i Ulstein til saman.

4.9.2 Tunellar

Ulstein kommune har tre sentrale tunellar: Eiksundtunnelen, Selvågtunnelen og Kvalnestunnelen.

Eiksundtunnelen er ein undersjøisk tunnel på 7,8 km som knyter Hareidlandet til fastlandet og er ein del av Eiksundsambandet. Den har stor betydning for framkomst og beredskap, men er sårbar ved stenging grunna tekniske feil, trafikkulukker eller brann. Tunnelen tilfredsstillar ikkje dagens krav til tunnelsikkerheit og er planlagt oppgradert for betre ventilasjon, overvaking og brannsikring.

Selvågtunnelen (ca. 1 km) ligg på fylkesveg 653 mellom Haddal og Eiksund og har nyleg blitt oppgradert for å møte tunnelsikkerheitsforskrifta. Ved stenging finst det omkøyringsmoglegheit via mindre vegnett, men desse er ikkje dimensjonerte for stor trafikk og er ikkje egna for større køyretøy, noko som kan skape utfordringar for beredskap og varetransport.

Kvalnestunnelen er ein kort tunnel (166 m) på fylkesveg 61, og har hatt fleire trafikkulukker som har ført til stenging og køar. Det er mogleg å køyre rundt, men omkøyringsvegane er smale og ikkje berekna for tungtrafikk, noko som gjer kommunen sårbar ved langvarige stengingar.

Samla sett er tunnelane kritiske for mobilitet og beredskap, og hendingar som brann, tekniske feil eller ulukker kan få store konsekvensar for samfunnstryggleik og framkomst.

4.9.3 Bruer

Ulstein kommune har fleire viktige bruer som knyter øyane saman og sikrar framkomst til og frå fastlandet.

Dragsundbrua (1953) er ei 228 meter lang betongbru på fylkesveg 61 mellom Hareidlandet og Gurskøya. Brua har smal køyrebane (5,5 m) og er vurdert som i dårleg stand med svakt

rekkeverk og låg trafikksikkerheit. Ved stenging finst ingen gode alternative ruter for tungtrafikk, noko som gjer brua kritisk for transport og beredskap.

Eiksundbrua (2008) er ein del av Eiksundsambandet og knyter Hareidlandet til øya Eika før Eiksundtunnelen. Brua er 405 meter lang og har ei seglingshøgde på 16 meter. Ho er smal (9,3 m) og har tidlegare fått kritikk for å vere utfordrande for tungtrafikk og vinterkøyring. Stenging vil påverke heile sambandet og dermed tilgangen til fastlandet for store delar av ytre Sunnmøre.

Brua som knyter Dimnøya til Hareidlandet er om lag 15–20 meter lang og fungerer som ein lokal vegforbindelse. Ved ein eventuell brukollaps vil Dimnøya miste vegsambandet og vere heilt avhengig av båttransport for personar og varer, noko som skaper stor sårbarheit for beredskap og dagleg drift.

4.9.4 Vasskjelder

Ulstein kommune har fire hovudvasskjelder: Mosvatnet, Garnesvatnet, Leiselva og elv frå Mørkevatnet. Mosvatnet og Garnesvatnet er dei største og har til saman god kapasitet, men Mosvatnet har noko dårlegare råvasskvalitet og er også regulert til kraftproduksjon, noko som kan påverke forsyningssikkerheita ved låg vasstand. Leiseelva har avgrensa kapasitet i tørre periodar, og Mørkevatnet vart frå 2024 reservekjelde. Kommunen har etablert gjensidig reservevassforsyning med Hareid og har beredskapsplan for nødvatn, men sårbarheita er knytt til langvarig bortfall av hovudkjelder, ekstremvêr og risiko for forureining i nedbørsfelt. Dette gjer at forsyningssikkerheit og beskyttelse av kjeldene er kritiske faktorar i beredskapsarbeidet.

4.9.5 Kulturelle verdier, natur og miljø

Ulstein kommune vedtok temaplan for kulturmiljø i 2022. I planen er det lista opp kva kulturminne som er av lokal-, regional- og nasjonal verdi. Det er registrert rundt 515 bygg i SEFRAK-registeret. Dette er hovudsakeleg bygningar frå før 1900, men i Ulstein kommune er det også registrert bygg heilt fram til 1990-talet. 84 av desse bygningane har meldeplikt i hht. Kulturminnelova §25.


I Ulstein er det sju freda bygningar og miljø. Dette er Ulstein kyrkjestad/Ulstein kyrkje, Ottagarden stabbur og fem bygningar på Grasøyane. I tillegg kjem alle automatisk freda kulturminne, som gravhaugar og liknande funnstader som er registrert i Riksantikvaren si database. Ulstein kommune har 134 automatisk freda enkeltminner og lokalitetar registrert i Askeladden.

I Ulstein kommune har ein følgjande naturvernområde:

- Grasøyane fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfredning Runde
- Flørauden naturreservat
- Eggholmen naturreservat
- Sandøya-Vattøya naturreservat

- Flø fuglefredningsområde med tilgrensande dyrelivsfreding
- Stokksund-Blikkvågane dyrefredningsområde
- Alstranda naturreservat
- Havågane naturreservat

Dei fire første verneområda er svært viktige og viktige område for sjøfugl. Områda inneheld trua, sjeldan og sårbar natur og er viktige for hekking, myting, som kvileplass og for overvintring. Alstranda naturreservat er verna på grunn av stor variasjon i skogtypar og stort mangfald av krevjande planteartar og sjeldne plante- og fugleartar. Reservatet er av internasjonal verdi. Havågane naturreservat er restar av den største homogene eikeskogbestanden i Møre og Romsdal, med naturleg plante- og dyreliv.



Figur 3: Naturvernområde Ulstein kommune

Utvalde automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi	Eika, Sunde – Steinalderbuplass (Steinalder) Osnessanden – Skipsvrak (før 1850) Ytre Flø – Gravrøyser (Jernalder) Oshaugen/Osnes – Gravhaug (Jernalder) Hasund – Gravrøyser (Jernalder) Saunes, Grøthaugen – Gravhaug (Jernalder) Ulstein kyrkjestad – (Mellomalder) Borgstova, Petterbakken (før 1650) Stabbur Ottagarden (før 1650)
Område regulert til bevaring	Vik/Ulsteinvik eldre tettstad og trehusmiljø
Vedtaksfreda kulturminne av nasjonal verdi	Grasøyane fyrstasjon – freda fyrstasjon
Verna kyrkje	Ulstein kyrkje (1849) – åttekantkyrkje


5 Scenarioanalyse

Metoden i DSB-rettleiaren handlar om å løfte fram framtidige hendingar som kan skape alvorlege problem for kommunen. Desse hendingane blir vidare utvikla til scenario som seier noko om når dei kan oppstå, kor dei kan råke og kor omfattande dei kan bli. Poenget med slike scenario er å gi eit mest mogleg tydeleg bilete av kva ei hending faktisk kan innebere for kommunen. For å få dette til må scenarioa vere konkrete både når det gjeld årsaker, moglege utviklingar og kva slags følgjer som kan oppstå. Når scenarioa er godt nok beskrive, kan vi i neste steg vurdere kor sårbare vi er, kor sannsynleg hendingane er, kva konsekvensar dei kan gi og kor stor uvisse som er knytt til vurderingane.

ROS-analysen er eit teoretisk instrument for å vurdere om risiko er akseptabel eller ikkje, og vil aldri kunne gi ein eksakt analyse i forhold til konsekvensar. Vi har vurdert det sånn at det alltid bør vere med eit sentralt element av samla vurdering og skjønn.

5.1 Sløyfemodellen

Sløyfemodellen er ein måte å forstå ei uønskt hending på, ved å sjå både på kva som kan føre til hendinga og kva som kan skje etterpå. Modellen er forma som ei sløyfe, med sjølve hendinga plassert i midten. Dette gjer det lett å få oversikt over både årsaker og verknader.



Figur 4: Sløyfemodellen DSB

På venstre side av modellen ser vi faktorar som påverkar sannsynet for hendinga, til dømes tekniske svikt, manglar i rutinar eller naturlege forhold. I midten står sjølve hendinga, skildra så konkret som mogleg.

På høgre side viser modellen dei moglege følgjene, som sekundære hendingar eller konsekvensar for tenester og samfunn. Barrierar er viste som stolpar, og representerer tiltak som kan hindre hendinga eller redusere verknadene, som flaumvern, reservesystem, beredskapsplanar og kriseleiing. Slik gir sløyfemodellen eit oversiktleg bilete av kva som driv ei hending fram, og korleis kommunen kan redusere risiko.

Modellen hjelper oss å sjå heilskapen i ei hending: kva som driv henne fram, kva som skjer når ho oppstår, og kva slags tiltak som kan dempe både sannsyn og konsekvens. Dette gir eit godt grunnlag for å vurdere risiko og for å prioritere dei viktigaste førebyggjande og skadeavgrensande tiltaka i kommunen.

5.2 Val av scenario

Ulstein kommune har valt ut relevante uønskte hendingar i den heilskaplege ROSanalysen basert på farar og truslar identifiserte gjennom kommunebeskrivinga, tidlegare ROSanalyser og data frå Geonorge og anna kunnskapsgrunnlag. Kartlegginga viser kva som kan skje i kommunen, og kva hendingar ein må kunne førebyggje og handtere. På denne bakgrunn er det valt ut scenario som kan gi store konsekvensar, påverke kritiske samfunnsfunksjonar, involvere fleire tenesteområde eller skape uro i befolkninga. Scenarioa oppfyller relevante kriterium i DSB sin rettleiar og er vurderte som både krevjande og sentrale for kommunen si beredskap.

Kvar enkelt scenarioanalyse er gjennomgått i detalj og ligg ved som eigne vedlegg. Desse er unnateke offentlegheit med heimel i offentleglova §§ 21 og 24.

5.2.1 Bortfall av Ekom : Sabotasje mot sentral infrastruktur fører til at mobil- og fibernett blir borte i heile regionen i fem dagar. Dette gir store problem for naudetatar, helse, betalingssystem og informasjon, og kommunen må ta i bruk enkle og analoge løysingar.

5.2.2 Atomutslepp frå ubåt: Ein brann i ein reaktordriven ubåt utanfor Grasøyane fører til fare for radioaktivt utslepp. Det blir sett i verk atomberedskapstiltak med utdeling av jodtablettar og råd om å halde seg innandørs, medan nasjonale myndigheiter handterer situasjonen.

5.2.3 Pandemi: Eit nytt og svært smittsam influensavirus fører til ein langvarig pandemi med fleire bølger. Mange i Ulstein blir sjuke, og helsetenestene står under stort press. Samfunnet normaliserer seg først etter fleire år med tiltak.

5.2.4 Krig og konflikt: Noreg blir utsett for digitale angrep, desinformasjon og sabotasje. Situasjonen utviklar seg internasjonalt, og Ulstein blir ramma indirekte gjennom forsyningssvikt, energiproblem og digitale angrep. I tillegg blir det retta direkte angrep mot verftsneringa i kommunen.

5.2.5 Grunnstøyting av cruiseskip: Eit cruiseskip grunnstøyter i svært dårleg vær og veltar. Evakueringa skjer under krevjande forhold og involverer eit stort tal passasjerar, mange skadde og fleire omkomne.

5.2.6 PLIVO hending: Ei alvorleg valdshending oppstår på ein skule. Politiet får kontroll, men situasjonen krev omfattande innsats frå naudetatar og lengre tids oppfølging av elevar, foreldre og tilsette.

5.2.7 Dataangrep: Kommunen blir råka av eit omfattande cyberangrep som også rammar dei andre kommunane i SSIKT. Tilsette kjem seg ikkje inn i systema, og det viser seg at sensitive opplysningar er på avvegar. Nokre tenester må stengjast for å hindre vidare skade.

5.2.8 Ekstremvær: Ulstein blir råka av ein kraftig orkan som fører til langvarig straumbrot, stengde vegar, manglande mobildekning og stans i ferje- og båtsamband. Høg vasstand og store bølger skaper store utfordringar i fleire døgn.

5.2.9 Skogbrann: Ein brann startar på Osberget og spreier seg raskt mot bustadområde. Bustader går tapt, fleire blir evakuerte, og røyken påverkar store deler av kommunen. Totalt blir eit større skogområde øydelagt.

5.2.10 Forureina drikkevatt: Under gravearbeid blir vatn- og avløpsleidningar skadde, og avløpsvatn trekkjast inn i vassnettet. Det fører til sjukdom hos rundt 300 personar, fleire med alvorlege komplikasjonar. Kommunen sender kokevarsel, forsterkar helseberedskapen og set i verk reinsing og desinfisering av leidningsnettet.

5.2.11 Isolert bygd: Brua mellom Dimnøya og fastlandet kollapsar. Over 1300 innbyggjarar mister vegforbindelsen, og kommunen må raskt etablere mellombels transportløyser.

5.2.12 Brann på Alvehaugen: Ein brann i ei omsorgsbustad på Alvehaugen fører til krevjande evakuering av sårbare bebuarar. Éin person omkjem, og fleire blir røykskadde. Hendinga gir store psykiske belastningar for både bebuarar og tilsette.

5.2.13 Brann i vogntog i Eiksundtunnelen: Eit vogntog tek fyr, og brannen utviklar seg raskt. Mange blir fanga av giftig røyk, og tunnelen får store skadar. Hendinga fører til fleire dødsfall, mange skadde og langvarig stenging av tunnelen.

5.2.14 200 årsstormflo og flaum i sentrum: Ei ekstrem stormflo og ekstremnedbør som gjer at Sauneselva fløymer over fører til at store delar av Sjøgata og sentrum blir sett under vatn. Bustader, næringsbygg og kommunale tenester blir ramma, og fjernvarme og kritisk infrastruktur blir sette ut av drift.

5.2.15 Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum: Ein tankbil med propan velter ut for vegen ned til sjukeheimen og får gasslekkasje. Området blir evakuert med ein radius opp til 1000 meter på grunn av brann og eksplosjonsfare.











6 Samanstilling av analyse

Som del av arbeidet er det utarbeidd eit eige vedlegg til den heilskaplege ROS-analysen 2025. Vedlegget forklarar metodikken for vurdering av sannsyn, konsekvensar, uvisse og styrbarheit, og beskriv korleis DSB sine tilrådingar er omsett til kriterium som er relevante for Ulstein kommune. Sannsyn er uttrykt i eit 100-årsperspektiv for å gi eit meir forståeleg bilete av risiko over tid, særleg for hendingar med låg årleg sannsyn men høg potensiell påverknad.

6.1 Sårbarheitsvurdering

6.1.1 Kritiske samfunnsfunksjonar

Kritiske samfunnsfunksjonar er dei tenestene og strukturane som må fungere for at samfunnet skal vere trygt og stabilt, også når noko uventa skjer. Dersom desse funksjonane stoppar opp, kan konsekvensane bli store både for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si evne til å handtere kriser. Funksjonane heng tett saman, og når ei teneste sviktar, kan det raskt få konsekvensar for fleire andre.

Samfunnsfunksjonar	
	<p>Forsyning av mat og medisinar: Sikrar tilgang på nødvendige varer som mat og legemiddel, også under kriser.</p>
	<p>Husly/varme og handtering av evakuerte: Trygg plassering og grunnleggjande behov, evakuering eller bortfall av bustad.</p>
	<p>Forsyning av energi: Straum og anna energi som trengst for drift av tenester og daglegliv.</p>
	<p>Forsyning av drivstoff: Tilgang på drivstoff som er nødvendig for transport, utrykking og forsyningskjeder.</p>
	<p>Tilgang på elektronisk kommunikasjon: Mobilnett, internett og naudnett som er nødvendig for varsling og samordning.</p>
	<p>Forsyning av vatn og avløp: Trygg tilgang til drikkevatt og handtering av avløp for helse og tryggleik.</p>
	<p>Framkome for personar og gods: Sikrar transport av folk, varer og naudressursar.</p>
	<p>Oppfølging av særleg sårbare grupper: Tryggleik og omsorg for personar som treng særskilt støtte ved kriser.</p>
	<p>Nødvendige helse- og omsorgstenester: Helsehjelp og omsorg som må fungere uavhengig av situasjon.</p>
	<p>Naud og redningsteneste: Tenester som politi, brann og redning som sikrar tryggleik og akutt hjelp.</p>



Kommunen si kriseleiing og krisehandtering:
Evne til å leie, koordinere og handtere kriser lokalt.

6.1.2 Korleis er dei kritiske samfunnsfunksjonane avhengige av kvarandre?

Tabellen viser korleis svikt i ein samfunnsfunksjon kan påverke andre funksjonar i kommunen. For å lese tabellen startar du i dei *vassrette radene* til venstre. Kvar rad viser ei bestemt samfunnsfunksjon som kan bli råka av svikt. Dersom det står ein **X** i ei kolonne på same linje, betyr dette at svikten vil leggje *press på* eller gi *følgjehendingar* for den samfunnsfunksjonen som står i kolonneoverskrifta.

Til dømes: Dersom det skjer svikt i forsyning av mat og medisinar (første rad), viser kryssa i tabellen at dette vil kunne påverke kommunen si evne til å ta imot evakuerte, oppfølging av særleg sårbare grupper, og nødvendige helse- og omsorgstenester.


Svikt i:	Resultater i følgjehending (press/svikt) i:										
	Forsyning av mat og medisinar	Husly/varme og handtering av evakuerte	Forsyning av energi	Forsyning av drivstoff	Tilgang på elektronisk kommunikasjon	Forsyning av vatn og avløpshandtering	Framkome for personar og gods	Oppfølging av særleg sårbare grupper	Nødvendige helse- og omsorgstenester	Naud- og redningsteneste	Kommunen si kriseleiing og krisehandtering
Forsyning av mat, og medisinar		X						X	X		
Husly/varme og handtering av evakuerte								X	X	X	
Forsyning av energi	X	X		X	X	X	X	X	X	X	X
Forsyning av drivstoff	X					X	X	X	X	X	
Tilgang på elektronisk kommunikasjon	X	X	X	X		X	X	X	X	X	X
Forsyning av vatn og avløpshandtering		X						X	X		
Framkome for personar og gods	X	X	X	X			X	X		X	
Oppfølging av særleg sårbare grupper									X		
Nødvendige helse- og omsorgstenester								X			

Naud- og redningsteneste									X		X
Kommunen si kriseleiing og krisehandtering	X							X	X		

Tabellen viser at kommunen er særleg sårbar for svikt i dei to grunnleggjande infrastrukturfunksjonane forsyning av energi og tilgang på elektronisk kommunikasjon (ekom). Desse to funksjonane er gjensidig avhengige og har kritiske koplingar til alle andre samfunnsfunksjonar. Svikt på desse områda vil kunne påverke alt frå vatn- og avløpssystem, helse- og omsorgstenester, naudetatar, evakuering og handtering av sårbare grupper til drivstofforsyning, logistikk og kommunen si eiga kriseleiing. Desse funksjonane er dermed heilt sentrale for at kommunen skal kunne oppretthalde drift, samhandling, tryggleik og situasjonsforståing i ei krise. Energi og ekom må derfor sjåast på som dei mest kritiske knutepunkta i beredskapsstrukturen, og svikt her vil gi breie og raske ringverknader på tvers av heile tenesteapparatet.

6.1.3 Følgjeutfall av kritiske samfunnsfunksjonar

I tabellen i kapittel 6.2.2 kan ein også sjå ei konsekvenskjede (kaskadeeffekt), der svikt i éi teneste eller funksjon fører til svikt i andre tenester, som igjen kan skape ytterlegare konsekvensar. Dette kan samanliknast med dominobrikker: når éi fell, kan ho velte fleire etter seg.



Dei fire konsekvenskjedene viser korleis ulike typar svikt raskt kan spreie seg til fleire samfunnsfunksjonar. I det første dømet får svikt i energiforsyninga direkte verknad på drivstofforsyninga, som igjen reduserer framkome for personar og gods og dermed kommunen si evne til å følgje opp særleg sårbare grupper. Det andre dømet viser konsekvensane av bortfall av elektronisk kommunikasjon, som kan lamme naudtenestene og skape store utfordringar for kriseleiiing og krisehandtering. I det tredje dømet ser vi korleis svikt i energiforsyninga kan stoppe vatn- og avløpssystem, svekke helse- og omsorgstenestene og til slutt ramme dei mest sårbare. Det fjerde dømet startar med drivstoffmangel, som svekkjer framkome og påverkar forsyning av mat og medisinar, før det også her endar med redusert evne til oppfølging av sårbare grupper.

Felles for alle kjedene er at dei til slutt råkar kommunen si evne til å ta vare på særleg sårbare innbyggjarar. Dette understrekar behovet for ei befolkning med god eigenberedskap, slik at kommunen kan prioritere ressursane sine mot dei som verkeleg treng hjelp. Eigenberedskap fungerer som ei viktig barriere som kan bryte konsekvenskjedene og styrke både samfunnsrobustheita og evna til å avgrense utviklinga av ei krise.

6.1.4 Samla vurdering av sårbarheit

Låg sårbarheit											
Middels sårbarheit											
Høg sårbarheit											
	Kritiske samfunnsfunksjonar som vert råka										
Uønska hending	Forsyning av mat, vatn og medisinar	Behov for husly og varme	Forsyning av energi	Forsyning av drivstoff	Tilgang på elektrisk kommunikasjon	Forsyning av vatn og avløpshandtering	Framkome for personar og gods	Oppfølging av særleg sårbare grupper	Nødvendige helse- og omsorgstenester	Naud- og redningsteneste	Kommunen si kriseleing og krisehandtering
Bortfall av Ekom	Yellow	Green	Green	Yellow	Red	Yellow	Green	Red	Red	Red	Red
Atomutslepp frå ubåt	Yellow	Green	Green	Yellow	Green	Yellow	Yellow	Yellow	Yellow	Green	Red
Pandemi	Yellow	Green	Green	Yellow	Green	Green	Yellow	Red	Red	Red	Yellow
Krig og konflikt	Red	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Yellow	Red	Red	Yellow	Red
Grunnstøyting av cruiseskip	Red	Red	Green	Green	Green	Green	Green	Red	Red	Yellow	Red
PLIVO hending	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Green	Red	Yellow	Red	Yellow
Dataangrep	Green	Green	Green	Green	Red	Yellow	Green	Red	Yellow	Green	Red
Ekstremvær	Yellow	Yellow	Red	Red	Red	Yellow	Red	Yellow	Red	Red	Yellow
Skogbrann	Green	Red	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Green	Yellow	Red	Yellow
Forureina drikkevatt	Green	Green	Green	Green	Green	Red	Green	Yellow	Yellow	Green	Yellow
Isolert bygd	Yellow	Green	Green	Yellow	Green	Green	Red	Red	Yellow	Red	Yellow
Brann på Alvehaugen	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Red	Red	Yellow	Yellow
Brann i vogntog i Eiksundtunnelen	Yellow	Green	Green	Green	Green	Green	Red	Green	Yellow	Red	Yellow
200 årsstormflo og flaum	Green	Yellow	Yellow	Green	Green	Yellow	Yellow	Green	Green	Green	Green
Gasslekkasje frå tankbil i sentrumsområdet	Green	Red	Green	Green	Green	Green	Yellow	Red	Red	Yellow	Yellow

Øysamfunn og transportavhengigheit

Ulstein kommune er som ei øykommune særleg sårbar for avbrot i transport og framkome. Ferjer, bruer og sårbare vegstrekningar kan bli sette ut av spel av uvêr, tekniske problem eller andre avbrot. Dette rammar arbeidskraft, forsyningar, beredskapsressursar og tilgang til eksterne tenester.

Sunnmøre og klimaendringar

Vestlandsnaturen medfører risiko for storm, flaum, skred, stormflo og intensiv nedbør. Slike hendingar kan slå ut infrastruktur, hindre framkome og belaste beredskapen kraftig. Klimaendringane forsterkar desse risikoane gjennom meir og kraftigare ekstremvær.

Sårbarheit knytt til digital infrastruktur

Kommunen er sterkt avhengig av stabil energiforsyning og elektronisk kommunikasjon for å halde oppe drift og tryggleik. Bortfall eller svikt gjev raskt svekka tenestekvalitet i einingane,

dårlegare samhandling og meir sårbar kriseleiing. Samstundes aukar digitalisering risikoen for dataangrep og systemutfall.

Avgrensa ressursar og sårbarheit knytt til nøkkelpersonell

Kommunen har små fagmiljø og er avhengig av nøkkelpersonell, noko som gjer tenestene sårbare ved sjukdom, fråvær, samtidige hendingar eller langvarig belastning. I tillegg kan personell bli rekvirert av Heimevernet eller Sivilforsvaret, noko som ytterlegare svekkjer kapasiteten i kritiske funksjonar. For å redusere sårbarheita er tett samarbeid med eksterne aktørar viktig, slik at kommunen kan få avlastning og dele oppgåver.

Demografi

Framover ventar kommunen fleire eldre og færre yngre. Dette gir auka etterspurnad etter helse- og omsorgstenester, samtidig som tilgangen på arbeidskraft blir knappare. Rekruttering, kompetanseheving og effektiv ressursbruk blir difor kritisk for å oppretthalde kvalitet og beredskap. Demografiutviklinga kan òg forsterke sårbarheiter ved langvarige hendingar, der behovet for hjelpetiltak aukar samstundes som kapasiteten er pressa.

Sårbarheit ved konsentrert busetnad og tenester

Ulstein har eit tett og konsentrert sentrum der ein stor del av befolkning, bygg og viktige tenester ligg samla. Denne strukturen gir sårbarheit fordi større hendingar i sentrum raskt kan ramme mange og påverke fleire kritiske funksjonar samtidig.

Samla vurdering

Gjennomgangen av scenarioa i den heilskaplege ROS-analysen peikar på dei same, gjennomgåande sårbarheitene på tvers av sektorar. Kommunen si samla sårbarheit er i hovudsak forma av geografiske avgrensingar, naturfarar forsterka av klimaendringar, digital avhengigheit, stram ressursbase, ugunstig demografiutvikling og ei konsentert bykjerne. Til saman gir dette eit risikobilete der svikt i enkeltfunksjonar raskt kan utløyse ringverknader og påverke fleire tenester samtidig.

6.2 Sannsynsvurdering:

Sannsynet for at ei uønskt hending skal skje kan uttrykkast på ulike måtar. DSB anbefaler å bruke eit 100-årsperspektiv ved vurdering av sannsyn, fordi det gir eit meir forståeleg bilete av risikoen over tid. I staden for å sjå på kor stor sjanse det er for at ei hending skjer i løpet av eitt enkelt år (årleg sannsyn), ser ein på kor stor sjanse det er for at hendinga skjer minst éin gong i løpet av 100 år.

Dette er særleg nyttig når årlege sannsyn er låge, fordi slike tal kan verke udramatiske. Til dømes har ei hending med 1 % årleg sannsyn heile 63,4 % sannsyn for å skje minst éin gong i løpet av 100 år. Ved 2 % årleg sannsyn aukar dette til 86,7 %. Dette viser at sjølv hendingar med låg årleg sannsyn kan ha høg risiko over tid.

SANNSYN FOR AT HENDINGA SKAL SKJE I LØPET AV HUNDRE ÅR

> 90 %	Svært høg
70 – 90 %	Høg
40 – 69 %	Middels
10 – 39 %	Låg
< 10 %	Svært Låg

Sannsynsvurdering					
Uønska hending	Svært låg	Låg	Middels	Høg	Svært høg
Bortfall av Ekom				X	
Atomutslepp frå ubåt	X				
Pandemi			X		
Krig og konflikt		X			
Grunnstøyting av cruiseskip		X			
PLIVO hending	X				
Dataangrep				X	
Ekstremvær					X
Skogbrann		X			
Forureina drikkevatt	X				
Isolert bygd		X			
Brann på Alvehaugen			X		
Brann i vogntog i Eiksundtunnelen		X			
200 årsstormflo og flaum			X		
Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum		X			

6.3 Konsekvensvurdering

Vurderinga byggjer på dei samfunnsverdiene og konsekvenstypane som er brukte av DSB, men er tilpassa forholda i Ulstein kommune. Konsekvensskalaen frå 0 til 5 er nytta til å vurdere påverknad på liv og helse, samfunnsstabilitet, miljø og økonomi, og tersklane er justerte etter ein kommune med rundt 10 000 innbyggjarar.

SAMFUNNSVERDIAR	KONSEKVENSTYPAR
Liv og helse	Tal på døde
	Alvorleg skadde og sjuke
Samfunnsstabilitet	Manglande dekning av grunnleggjande behov
	Forstyrningar i dagleglivet
Natur og miljø	Langtidsskadar på naturmiljø

	Langtidsskadar på kulturmiljø/-minne
Materielle verdiar	Direkte økonomiske tap
	Indirekte økonomiske tap

Skårane er ikkje eksakte tal, men uttrykk for ei fagleg og skjønnsbasert vurdering av kor alvorlege følgjene kan bli dersom scenariaa inntreff. Slik får vi eit realistisk bilete av kva hendingar som kan gi størst belastning for kommunen, og kva område som krev særleg merksemd i det vidare beredskapsarbeidet.

Konsekvensvurdering					
Uønska hending	Svært låg	Låg	Middels	Høg	Svært høg
Bortfall av Ekom				X	
Atomutslepp frå ubåt				X	
Pandemi					X
Krig og konflikt					X
Grunnstøyting av cruiseskip					X
PLIVO hending				X	
Dataangrep			X		
Ekstremvær			X		
Skogbrann		X			
Forureina drikkevatt				X	
Isolert bygd			X		
Brann på Alvehaugen				X	
Brann i vogntog i Eiksundtunnelen					X
200 årsstormflo og flaum			X		
Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum				X	

6.4 Risiko og styringsevne

6.4.1 Risiko

Tabellen under viser den samla risikovurderinga for dei identifiserte hendingane i den heilskaplege ROS-analysen. Risikoen er vurdert på bakgrunn av sannsynsvurderingane i kapittel 6.3 og konsekvensvurderingane i kapittel 6.4, og er samanstillt i ei samla risikorangering. Hendingane er klassifiserte i kategoriane låg, middels eller høg risiko, basert på kombinasjonen av sannsyn og konsekvens. Den samla vurderinga gir ei oversiktleg framstilling av kva hendingar som representerer størst risiko for kommunen, og grunnlag for prioritering av førebyggjande tiltak og beredskap.

Risiko (ei samla vurdering av sannsyn og konsekvens)			
Uønska hending	Låg	Middels	Høg
Bortfall av Ekom		X	
Atomutslepp frå ubåt	X		
Pandemi			X
Krig og konflikt			X
Grunnstøyting av cruiseskip			X
PLIVO hending		X	
Dataangrep		X	
Ekstremvær		X	
Skogbrann	X		
Forureina drikkevatt	X		
Isolert bygd		X	
Brann på Alvehaugen		X	
Brann i vogntog i Eiksundtunnelen		X	
200 årsstormflo og flaum		X	
Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum		X	

Nedanfor blir dei scenarioa omtalt som i den samla risikovurderinga har fått kategorien *høg risiko*. Desse hendingane er anten svært alvorlege i konsekvens, har eit meir sannsynleg forløp enn andre alvorlege hendingar, eller inneber ei kombinasjon av lågt sannsyn og svært store konsekvensar. Kvar scenario er kort forklart med grunngjeving for kvifor det er plassert i høg risikokategori

Krig og konflikt

Krig og konflikt har svært høge konsekvensar for kommunen og samfunnet som heilskap, sjølv om sannsynet blir vurdert som lågt. Den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa dei siste åra bidreg til større grad av uforutsigbarheit. Ei slik hending vil gi omfattande påverknad på tryggleik, økonomi, infrastruktur og samfunnsstabilitet. Dei svært store konsekvensane åleine gjer at risikoen blir vurdert som høg.

Cruiseskipsulykke

Ei alvorleg hending på eit cruiseskip vil kunne få svært store konsekvensar innanfor fleire konsekvenskategoriar, inkludert liv og helse, ressursbruk, logistikk og beredskapsevne. Kommunen har avgrensa praktisk og økonomisk evne til å dimensjonere beredskap for eit scenario av denne storleiken, og handtering vil krevje omfattande ekstern bistand. Sjølv om sannsynet er lågt, er konsekvensane så store at den samla risikoen blir høg.

Pandemi

Pandemi er vurdert til høg risiko fordi konsekvensane er svært store, både for liv og helse og for kommunen si evne til å oppretthalde tenester. Mange vil bli alvorleg sjuke eller døy, og belastninga på helse- og omsorgstenesta blir ekstrem. I tillegg kjem store økonomiske og samfunnsmessige konsekvensar og uvisse over lang tid. Med middels sannsyn og svært store konsekvensar blir risikoen høg.

6.4.2 Styringsevne

Styringsevne beskriv i kva grad ei uønskt hending kan førebyggjast, handterast eller få reduserte konsekvensar gjennom kommunens egne tiltak, ressursar og system.

LÅG	Kommunen har ikkje sjølv verkemiddel til foreslått oppfølging.
MIDDELS	Kommunen kan påverke foreslått oppfølging som lokal styresmakt, medeigar og pådrivar overfor eksterne aktørar.
HØG	Kommunen har virkemiddel, kompetanse og ansvar for foreslått oppfølging

Styringsevne			
Uønska hending	Låg	Middels	Høg
Bortfall av Ekom		X	
Atomutslepp frå ubåt		X	

Pandemi		X	
Krig og konflikt	X		
Grunnstøyting av cruiseskip		X	
PLIVO hending		X	
Dataangrep			X
Ekstremvær		X	
Skogbrann			X
Forureina drikkevatn			X
Isolert bygd			X
Brann på Alvehaugen			X
Brann i vogntog i Eiksundtunnelen	X		
200 årsstormflo			X
Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum		X	

Analysen viser at dei fleste uønska hendingane har middels eller høg styringsevne, noko som betyr at kommunen i stor grad kan påverke førebygging og handtering. Dette gjeld særleg hendingar knytt til eigen drift og kritisk infrastruktur, som dataangrep, drikkevatn, skogbrann, isolert bygd, ekstremvær og stormflo. Her har kommunen verkemiddel, kompetanse og samarbeidspartnarar som gjer det mogleg å redusere konsekvensar.

Nokre få hendingar har låg styringsevne, som krig og konflikt og større hendingar (brann) i Eiksundtunnelen. Dette er situasjonar kommunen ikkje kan hindre, og arbeidet vårt må difor særleg handle om god beredskap, informasjon og samhandling med regionale og statlege aktørar.

6.4.3 Samla framstilling av risiko og styringsevne

Risiko i kommunen	Låg		Atomutslepp frå ubåt	Skogbrann Forureina drikkevatt
	Middles	Brann i vogntog i Eiksundtunnelen	PLIVO Hending Bortfall av Ekom Ekstremvær Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum	Dataangrep Brann på Alvehaug Isolert bygd 200 årsstormflo og flaum
	Høg	krig og konflikt	Pandemi Grunnstøyting av cruiseskip	
		Låg	Middels	Høg
		Styringsevne		

Når kommunen set risiko opp mot styringsevne, blir det tydeleg kva hendingar som krev mest merksemd. Det mest krevjande scenarioet ligg i kombinasjonen høg risiko og låg styringsevne som *krig og konflikt*. Dette er situasjonar vi ikkje kan hindre, men som kan få store konsekvensar. Her er god eigenberedskap, klare roller og tett samarbeid med andre myndigheiter avgjerande.

Brann i vogntog i Eiksundtunnelen ligg i middels risiko og låg styringsevne. Den låge styringsevna i dette scenarioet skuldast at den høge varmen frå brannen gjer sløkkjearbeid og redning umogeleg. Personar inne i tunnelen vil i stor grad måtte berge seg sjølve.

PLIVO-hending, ekstremvær, store gasslekkasjar og bortfall av Ekom, ligg i middels risiko og middels styringsevne. Her har kommunen eit reelt handlingsrom, og målretta førebygging og robuste system kan redusere sårbarheita betydeleg.

Vi har òg scenario med låg risiko, som atomutslepp frå ubåt. Dette skjer sjeldan, men kan bli alvorlege. Kommunen treng ikkje store nye tiltak her, men må sikre at planverk og varslingsrutinar er i orden.

Dataangrep, brann på Alvehaugen, isolert bygd og 200-års stormflo/flaum ligg alle i medium risiko med høg styringsevne. Dette hendingane kan få store konsekvensar, men her har kommunen gode moglegheiter til å førebyggje og redusere risikoen gjennom tryggleikstiltak, kompetanse, klare rutinar og systematisk arbeid med både tekniske og operative beredskapstiltak.

Skogbrann og forureina drikkevatt ligg i låg risiko med høg styringsevne. Desse hendingane kan vere alvorlege dersom dei oppstår, men kommunen har god evne til å førebyggje, oppdage og handtere dei gjennom etablerte rutinar, kompetanse og tett samarbeid med relevante aktørar.

6.5 Befolkningsvarsling og evakuering

I denne ROS-oversikta blir befolkningsvarsling brukt om situasjonar der heile eller store delar av innbyggjarane må varslast gjennom offentlege varslingskanalar. Varsling av enkeltpersonar, pårørande eller brukargrupper i tenestene blir ikkje rekna som befolkningsvarsling, men som ordinær informasjonsoppgåve i dei einingane som er berørte. Når det gjeld evakuering, er det politiet som avgjer om og når innbyggjarar skal evakuerast. Kommunen si rolle er å støtte gjennomføringa av evakueringa, ta imot og registrere evakuerte og drifte evakueringssenter. Ulstein kommune har aktuelle lokale som kan nyttast til dette, og kommunen skal sikre praktisk tilrettelegging, omsorgsoppgåver og nødvendig informasjon til dei som blir ramma.

Befolkningsvarsling og evakuering			
Uønska hending	Nei	Ja Befolkningsvarsling	Ja Evakuering
Bortfall av Ekom		X	
Atomutslepp frå ubåt		X	
Pandemi		X	
Krig og konflikt		X	X
Grunnstøyting av cruiseskip			X
PLIVO hending		X	X
Dataangrep	X		
Ekstremvær	X		
Skogbrann		X	X
Forureina drikkevatt		X	
Isolert bygd		X	
Brann på Alvehaugen			X
Brann i vogntog i Eiksundtunnelen		X	X
200 årsstormflo og flaum		X	
Stor gasslekkasje frå velta tankbil i sentrum		X	X

6.6 Uønskte hendingar utanfor kommunen sine grenser

Uønskte hendingar utanfor Ulstein kommune kan få betydning for innbyggjarane og for korleis kommunen må handtere konsekvensar lokalt. Sjølve hendinga blir normalt handtert av ansvarleg kommune eller nasjonale myndigheiter, men Ulstein må ha god dialog med rette aktørar for å kunne gi støtte, informasjon og oppfølging til eigne innbyggjarar og pårørande. Ulstein ligg tett på viktige lei for maritim trafikk, og kommunen kan bli bedd om å ta imot evakuerte eller bidra som landbase ved større hendingar til havs. Det nære sambandet med Hareid gjer òg at hendingar der, raskt kan verke inn på Ulstein sine tenester og ressursar. Større hendingar regionalt eller nasjonalt kan skape behov for ekstra informasjonstiltak, psykososial støtte eller mottak av evakuerte.

6.7 Kommunen sin evne til å oppretthalde og gjenoppta normal drift

Kommunen si evne til å oppretthalde og gjenoppta normal drift er særleg sårbar ved bortfall av straum og ekom. I eit stadig meir digitalisert samfunn er dei fleste tenester, frå helse og omsorg til administrasjon, vatn og avløp og beredskapsleiing, heilt avhengige av stabil tilgang til straum, nettverk og digitale system. Eit avbrot kan raskt føre til tap av situasjonsforståing, svekt koordinering, manuell og ressurskrevjande drift og i verste fall fare for liv og helse. Sårbarheit knytt til straum og ekom er difor eit av dei mest kritiske punkta i kommunen si driftsevne.

Kommunen blir òg sårbar i møte med langvarige hendingar, der nøkkelpersonell må stå i kontinuerleg belastning utan tilstrekkeleg moglegheit for rullering og avlastning. Dette aukar risikoen for feil og reduserer kapasiteten over tid. For å motverke desse utfordringane er samarbeid med frivillige og nabokommunar avgjerande. Når vi deler kapasitet, kompetanse og støttefunksjonar på tvers av aktørar, står kommunen betre rusta til å sikre kontinuitet i tenestene også når eigen kapasitet blir pressa.

7 Oppfølging av heilskapleg ROS

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen for Ulstein kommune viser at kommunen står i eit krevjande risikobilde. Som ei lita distriktskommune med avgrensa kapasitet, må Ulstein prioritere målretta og realistiske tiltak som styrkjer robustheita i kritiske tenester og evna til å handtere både kortvarige og langvarige hendingar. Dette kapittelet gir ei samla beskriving av kommunen sine langsiktige samfunnssikkerheitsmål og strategiar, og presenterer overordna tiltak som skal følgjast opp i vidare plan- og beredskapsarbeid.

Ulstein har også i samband med ROS-arbeidet utarbeidd ei detaljert tiltaksoversikt på tvers av hendingstypar og sektorar. Denne inneheld operative og einingsvise tiltak som vil bli følgde opp i Framsikt. Lista er for omfattande og detaljert til å trykkast i ei ROS-analyse, og er derfor ikkje gjengitt her. Kapitla under presenterer dei langsiktige måla og dei overordna tiltaka som gjeld for heile kommunen.

7.1. Mål 1: Kommunen skal ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å handtere både akutte og langvarige hendingar på ein trygg og effektiv måte

Risikobiletet blir stadig meir komplekst, og god kunnskap er avgjerande for at kommunen skal kunne handtere ulike hendingar på ein trygg og effektiv måte. Dette krev både tilstrekkeleg kapasitet til å prioritere beredskapsarbeidet, og systematisk opplæring som styrkjer kompetansen i organisasjonen.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Styrkje kompetansen i kriseleiinga gjennom målretta kurs, opplæring og øvingar.
- Prioritere løysingar som er praktiske, gjennomførbare og «gode nok» innanfor kommunens rammer, framfor idealløysingar som ikkje let seg realisere.

7.2 Mål 2: Ulstein skal jobbe målretta for eit meir robust og forpliktande interkommunalt beredskapssamarbeid

Ulstein og nabokommunane har ikkje dedikerte årsverk til beredskap, noko som gjer det krevjande å oppretthalde eit systematisk beredskapsarbeid. Når viktige beredskapsroller er knytte til enkeltpersonar, blir kommunen sårbar, ærleg ved langvarige hendingar der nøkkelpersonell må avlastast eller fell frå.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Felles beredskapsordningar med nabokommunane for å redusere sårbarheit og styrkje kapasitet.
- Rullering og avlasting av nøkkelpersonell ved langvarige hendingar.
- Deling av beredkapsroller og kompetanse, slik at fleire kan fylle kritiske funksjonar.
- Felles ROS-arbeid og planverk for betre oversikt og samordna beredskap.
- Felles øvingar og kompetanseheving som byggjer eit sterkare fagmiljø på tvers av kommunane.

7.3 Mål 3: Kritiske kommunale tenester skal kunne oppretthaldast også under kriser og i krig

Europa står i si mest alvorlege sikkerheitspolitiske situasjon sidan andre verdskrig, med krigen i Ukraina og aukande internasjonale spenningar. Dette gir eit meir uforutsigbart trusselbilde, der norske styresmakter understrekar at kommunane må planleggje for både kriser og krig. I ein slik situasjon må Ulstein kommune vere budd på at kriser ikkje berre oppstår brått, men også kan vare over lang tid og som påverkar kraft, transport, digitale tenester, forsyningar og tilgang på personell

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Utarbeide og vedlikehalde kontinuitets- og beredskapsplanar for drift under langvarige hendingar, kriser og krig.
- Sikre klare rutinar for ressursdisponering og prioritering av kommunale tenester ved kapasitetsmangel.
- Vidareutvikle samarbeid med Heimevernet, sivilforsvaret og frivillige organisasjonar for støtte og avlastning i kritiske og langvarige hendingar.

7.4 Mål 4: Kommunen skal ha robuste og samordna digitale løysingar

Den heilskaplege ROSanalysen viser at Ulstein er særleg sårbar for digitale angrep, noko som tydeleggjer behovet for sterkare digital robustheit. Ulstein er avhengig av stabile og sikre digitale system, og eit meir komplekst trusselbilde stiller høgare krav til både cybersikkerheit og redundans. Som del av Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) har kommunen eit viktig grunnlag for felles standardisering, robust drift og styrkt digital beredskap.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Vidareføre arbeidet med cybersikkerheit og delta i felles øvingar på digitale truslar.
- Arbeide for større grad av standardisering av digitale system i samarbeid med nabokommunar, SSIKT og nasjonale myndigheiter.
- Tenkje som “ei digital kommune” i beredskapssamanheng.

7.5 Mål 5: Kommunen skal vere i stand til å oppretthalde kritiske tenester ved bortfall av straum og ekom.

Den heilskaplege ROSanalysen viser at straumbortfall og bortfall av ekom er blant dei mest kritiske sårbarheitene for Ulstein. Som eit heildigitalt samfunn er kommunen avhengig av stabil tilgang på kraft og kommunikasjon for å kunne sikre helsetenester, drift av tekniske system, kriseleiing og kommunikasjon med innbyggjarane. Bortfall av denne infrastrukturen kan raskt lamme sentrale funksjonar, og det er difor avgjerande å bygge opp redundans, alternative løysingar og fungerande backup- løysingar.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Etablere og vedlikehalde sikre reserve- og satellittbaserte kommunikasjonsløysingar.
- Sikre naudstraum og backup- kapasitet for kritiske tenester og system.
- Styrkje samarbeid med regionale aktørar for handtering av bortfall i kritisk infrastruktur.
- Øve på scenario der straum og EKOM er heilt eller delvis ute over lengre tid.

7.6: Mål 6: Eigenberedskapen i befolkninga skal styrkjast år for år

God eigenberedskap hos innbyggjarane gjer kommunen betre i stand til å prioritere ressursane sine der behova er størst under ei krise. Når innbyggjarane har grunnleggande eigenberedskap, reduserer det presset på kommunale tenester og gjer det lettare å halde oppe kritiske funksjonar. Difor er god informasjon, aktivt folkeopplysingsarbeid og ansvarleggjering av lokalbefolkninga viktige tiltak for å styrkje eigenberedskapen år for år.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Vidareføre og vidareutvikle eigenberedskapsveka og lokal informasjon om beredskap.
- Samarbeide tett med frivillige aktørar om opplæring, informasjon og befolkningsretta tiltak.
- Sikre god krisekommunikasjon også ved bortfall av digitale kanalar.

7.7 Mål 7: Meir samhandling mellom kommune, frivillige, næringsliv og statlege aktørar

Heilskapleg ROS viser at fleire av dei mest relevante scenarioa vil kunne presse kommunen både på utstyr og ressursar. Dette gjer god samhandling med frivillige, næringsliv og statlege aktørar avgjerande. Når vi deler kapasitet, kompetanse og støttefunksjonar på tvers av aktørar, står kommunen betre rusta til å møte belastande hendingar. Styrkt samarbeid og felles strukturar for koordinering er difor viktig for å bygge ei meir robust og handlekraftig kommune.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- Styrkje samarbeidet med omsorgsberedskapsgruppa (sanitet), Sørlyane Røde kors, sivilforsvaret og heimevernet om tenester og ressursar knytt til omsorg, evakuering og støttefunksjonar.
- I større grad involvere næringslivet som ein aktiv beredskapsressurs.
- jobbe for å etablere eit felles beredskapsråd med nabokommunane for å styrkje samordning, samla kapasitet og samvirke på tvers av kommunar, næringsliv, frivillig sektor og statlege aktørar.

7.8 Mål 8: GIS (Geografiske Informasjonssystem) skal vere ein integrert del av kommunens beredskapsarbeid

Heilskapleg beredskap krev rask og presis situasjonsforståing på tvers av aktørar, etatar og organisasjonar. GIS gir kommunen eit viktig verktøy for å visualisere risiko, analysere konsekvensar og støtte beslutningar under kriser. Ved fleire av scenarioa i heilskapleg ROS ser vi at kommunen raskt kan bli pressa på både tid, ressursar og oversikt, noko som gjer geodata, ferdige analyseløyper og tilgjengeleg GIS-kompetanse avgjerande. Ei meir systematisk og operativ bruk av GIS vil styrkje kommunen si evne til å samarbeide med andre aktørar og arbeide effektivt før, under og etter ei hending.

Ulstein kommune vil jobbe for:

- At kriseleiinga har tilgang til GIS-kompetanse ved behov, slik at geografiske analysar og situasjonskart kan nyttast aktivt under hendingar.
- Å sikre ei oppdatert geodatabase for beredskap, med rutinar for jamnleg oppdatering og tilgang til nødvendige kart også ved bortfall av ekom (inkludert papirkopiar).

8 Integrering av H-ROSen i kommunalt planarbeid

Heilskapleg ROS skal vere eit sentralt kunnskapsgrunnlag i all planlegging etter plan- og bygningslova. DSB understrekar at ROS-arbeidet skal gi oversikt over risiko og sårbarheiter som kommunen må ta omsyn til i areal- og samfunnsplanlegginga, slik at nye planar ikkje aukar risiko og at nødvendige tryggingstiltak blir vurderte tidleg i prosessen.

9 Revidering

Ulstein kommune skal ha ei heilskapleg ROS som er levande og oppdatert. Difor skal H-ROSen følgjast opp årleg, der nye scenario eller endringar i risikobiletet blir analyserte ved behov. Tiltak frå desse årlege analysane skal inngå i kriseleiinga si tiltaksvurdering.

I tillegg skal H-ROSen gjennomgå ei hovudrevidering ved slutten av kvar kommunestyreperiode, slik at nytt kommunestyre får eit oppdatert og samla risikobilette som grunnlag for vidare prioriteringar. Her blir alle analysar gjennomgått og ny kunnskap inkludert.

Ulstein kommune legg vekt på at H-ROSen skal vere eit dokument som kontinuerleg blir justert når risiko, føresetnader eller kunnskap endrar seg – i tråd med føringane frå DSB.

10 Vedlegg:

Vedlegg 1: Analysane av kvart scenario (15 stk) (*u.off §§ 21 og 24 i offentleglova*)

Vedlegg 2: Vurdering av konsekvens og sannsyn (til analysane)

Vedlegg 3: DSB sin rettleiar for heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse